



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Rapport etter tilsyn

Kommunal beredskapsplikt

Averøy kommune

Tilsynsdato: 14.06.2019

Rapportdato: 26.09.2019

Innhold

1	BAKGRUNN OG GJENNOMFØRING	3
1.1	FØREMÅL OG HEIMELSGRUNNLAG.....	3
1.2	PÅLEGG OM GJENNOMFØRING	3
1.3	TILSYNSTEMA	3
1.4	GRUNNLAGSDOKUMENTASJON.....	4
1.5	GJENNOMFØRING	5
2	HOVUDINNTRYKK	6
3	RESULTAT FRÅ TILSYNET	7
3.1	AVVIK	7
3.2	MERKNADER	8
4	VIDARE OPPFØLGING	9

1 Bakgrunn og gjennomføring

Tabellen nedanfor samanfattar nøkkelopplysningar om gjennomføringa og vidare oppfølging. Dei vidare avsnitta gir utfyllande opplysningar om heimelsgrunnlag, grunnlagsdokumentasjon og deltakarar.

Tidspunkt for tilsynet:	09.05.2019 (formøte) 14.06.2019 (tilsyn)
Adressa til kommunen:	Bruvollveien 4, 6530 Averøy
Kommunennummer:	1554
Kontaktperson i kommunen:	Kjell Leirbekk
Fylkesmannen sitt tilsynslag:	Atle Morsund (tilsynsleiar) Ann Lilly Inderhaug Orvik
Tilsynsrapporten er skriven av:	Atle Morsund
Tilsynsrapporten er godkjent av:	Helge Møgstad
Førebels tilsynsrapport sendt:	30.07.2019
Endeleg tilsynsrapport sendt:	26.09.2019
Kommunen sin frist for oppfølgingsplan:	08.11.2019

1.1 Føremål og heimelsgrunnlag

Føremålet med tilsynet er å sjå til om Averøy kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med aktuelle krav fastsett i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Tilsynet er gjennomført med heimel i § 29 i sivilbeskyttelseslova og § 10 i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

1.2 Pålegg om gjennomføring

I Justis- og beredskapsdepartementet sitt embetsoppdrag til fylkesmennene er det fastsett at fylkesmannen skal føre tilsyn med kommunane sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Tilsyna skal gjennomførast i samsvar med DSB sin tilsynsrettleiar, og det skal førast tilsyn med den einskilde kommune minimum kvart fjerde år.

1.3 Tilsynsystema

I møte mellom DSB og fylkesmennene i mars 2015 presiserte DSB at alle krav i forskrift om kommunal beredskapsplikt skal vurderast under tilsyn i 2016 og seinare.

1.4 Grunnlagsdokumentasjon

Desse dokumenta vart sende frå kommunen til Fylkesmannen før tilsynet:

Nr.	Dokument	Datering
1.	Styringsdokument for beredskap - Averøy kommune 2016	Ikkje datert
2.	Heilhetlig ROS-analyse for Averøy kommune 2016	Ikkje datert
3.	Risikoanalyse – helhetlig ROS 2016	<i>Mottatt i tilsynsmøte</i> Ikkje datert
4.	Overordnet beredskapsplan Averøy kommune m/ varslingslister og ressursoversikt	Ikkje datert
5.	Plan for informasjon og krisekommunikasjon – Averøy kommune	Ikkje datert
6.	Planstrategi 2016 – 2019	Ikkje datert
7.	Averøy 2027 – kommuneplan 2015 Samfunnsdelen	Ikkje datert
8.	Kommuneplan for Averøy 2016 – 2028 Arealdelen	25.11.2016
9.	Smittevernplan for Averøy kommune	03.02.2016
10.	Beredskap Folland vannverk	06.03.2015
11.	Regional risikovurdering for Averøy og Kristiansund brann og redningsvesen	Ikkje datert
12.	Samarbeidsavtale – forpleining evakuerte og pårørendesenter	12.10.2018
13.	Samarbeidsavtale om beredskap mellom Averøy kommune og M&R Røde Kors	05.11.2017
14.	Beredskapsøvelse – kriseledelse – evaluering	25.10.2016
15.	Utdrag frå årsmelding for 2018 om samfunnssikkerhet og beredskap	09.05.2019
16.	Årlig møte i kommunens kriseledelse – referat	28.05.2018
17.	Oppsummering av øvelse – Facebook	28.11.2018
18.	Oppfølging av nyansatte	10.05.2019

1.5 Gjennomføring

Formøte med Averøy kommune vart gjennomført 09.05.2019. Tilsynsbesøk med opningsmøte, intervju og sluttmøte vart gjennomført 14.06.2019. Kven som deltok går fram av tabellen under.

Deltakarar	Stilling	Formøte	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Ingrid Ovidie Rangønes	Ordførar		X	X	X
Berit Hannasvik	Rådmann	X	X	X	X
Kjetil Leirbekk	Beredskapskontakt	X	X	X	X
Ann Lilly Inderhaug Orvik	Ass. direktør		X	X	X
Atle Morsund	Rådgjevar	X	X	X	X

2 Hovudinstrykk

Dei fleste elementa i den kommunale beredskapsplikta er på plass, og dokumenta syner at kommunen er medviten sitt beredskapsansvar.

Heilskapleg ROS-analyse er frå 2016 og er forankra i kommunestyret. Analysen oppfyller ikkje alle minimumskrava i forskrifta. Vi saknar ein meir systematisk gjennomgang av korleis ulike risiko- og sårbarheitsfaktorar påverkar kvarandre. Det manglar ei vurdering på kommunen sin evne til å oppretthalde drift ved uønskte hendingar som stettar forskriftskravet. Det manglar ei vurdering av behovet for befolkningsvarsling som stettar forskriftskravet. Det kunne gått betre fram korleis relevante offentlege og private partar har vore invitert til arbeidet med heilskapleg ROS-analyse. ROS-analysen manglar ein prioritert handlingsplan. Akseptkriteria er godt tilpassa ein kommune på denne storleiken.

Langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap er beskrive svært generelt i samfunnsplanane i kommunen. Kommuneplanen sin samfunnsdel er vedteken før ROS-analysen var gjennomført, og mål og strategiar kan såleis ikkje vere basert på funna i ROS-analysen..

Beredskapsplanen er oppdatert i mars 2019. Planen oppfyller alle minimumskrava i forskrifta, men informasjon til tilsette er noko tynt beskrive. Elles er befolkningsvarsling noko gamalmodig beskrive, og vi trur det er litt å gå med å ta i bruke meir moderne varsling.

Kommunen har ein levande beredskapsorganisasjon som er øvd og prøvd. Vi finn rutinar for at kommunane skal evaluere både hendingar og øvingar, men det manglar ein del på skriftlege evalueringar.

Vi slår fast at Smittevernplan frå 2016 og Plan for helsemessig og sosial beredskap frå 2008 er på plass.

Potensiale for forbetring ligg mellom anna i litt forbetring av ROS-analysen, som litt betre tilpassing til minimumskrava i forskrifta. Vurdering av sannsyn og konsekvens bør kome betre fram ved neste rullering av ROS-analysen. Handlingsplanen til ROS-analysen bør også ha ei klarare prioritering av tiltak, og bli meir innretta som verktøy til mellom anna betre å kunne utarbeide mål, strategiar og prioriteringar for dette fagområdet i overordna planverk. Oversikt over relevant planverk i styringsdokumentet hadde hatt større verdi med betre informasjon om når det vart rullert sist.

3 Resultat frå tilsynet

Tilsynet avdekte to avvik. Eitt forhold er kommentert som merknad.

3.1 Avvik

Avvik er definert som manglande oppfølging av krav fastsett i sivilbeskyttelseslova §§ 14 og 15 og/eller i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Avvik nr. 1

Averøy kommune sin heilskaplege ROS-analyse oppfyller ikkje alle forskriftskrava til innhald.

Regelverkstilvising:

Sivilbeskyttelseslova § 14 og forskrift om kommunal beredskapsplikt § 2 litra c) e), f) og 2. ledd.

Utdjupande kommentar:

ROS-analysen manglar ei systematisk framstilling av korleis ulike risiko og sårbarheitsfaktorar påverkar kvarandre, ei vurdering av kommunen si evne til å oppretthalde si verksemd etter at uønskte hendingar har skjedd, og ei vurdering av behovet for befolkningsvarsling og evakuering. Beskriving av kven av relevante offentlege og private aktørar som har vore med i arbeidet med heilskapleg ROS er mangelfull. Analysen manglar beskriving av grunnlag for vurderingar på sannsyn og konsekvens som er gjort på hendingane. Analysen manglar også ein prioritert handlingsplan med bakgrunn i funna som er gjort.

Avvik nr. 2

Averøy kommune har ikkje med utgangspunkt i den heilskaplege ROS-analysen fastsett langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av samfunnstryggleik- og beredskapsarbeidet.

Regelverkstilvising:

Forskrift om kommunal beredskapsplikt § 3, første ledd, litra a.

Utdjupande kommentar:

Averøy kommune manglar overordna forankring av arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap. Generelle mål, strategiar, prioriteringar er fastsett, men ikkje på bakgrunn av den heilskaplege ROS-analysen, som er av nyare dato enn det overordna planverket i kommunen. Ein prioritert handlingsplan i ROS-analysen vil vere det naturlege utgangspunktet for lettare å fastsette mål, strategiar, og prioriteringar for arbeidet med samfunnstryggleik, i trå med forskriftskrava.

3.2 Merknader

Merknader er definerte som forhold som ikkje oppfyller definisjonen av avvik, men som Fylkesmannen meiner det er grunn til å påpeike for å sikre god oppfølging av beredskapsplikta.

Merknad nr. 1.

Kommunen bør:

- Kommunen bør passe på at ROS-analysen vert revidert snarast råd etter kommunevalet i 2019, i samsvar med forskriftskrava.
- Revidere beredskapsplanverket/styringsdokumentet for betre å støtte krava i forskrifta der det er minimumsløysingar, som t.d. «system» for opplæring.
- Evaluere skriftleg, både hendingar og øvingar, i trå med etablerte rutinar i planverket.
- Ta i bruk CIM slik som beskrive i planverket.

4 Vidare oppfølging

Fylkesmannen ber om at kommunen lagar ein plan for når og korleis det avdekte avviket skal følgjast opp. Planen skal sendast til fylkesmannen seinast seks veker etter tilsynsrapporten er motteken.

Med utgangspunkt i kommunen sin plan, vurderer fylkesmannen om tilsynssaka kan avsluttast. Kommunen får tilbakemelding om dette seinast tre veker etter fylkesmannen har motteke kommunen sin oppfølgingsplan.

Dersom kommunen har spørsmål om tilsynsrapporten eller oppfølginga, kan fylkesmannen sin tilsynsleiar kontaktast:

Atle Morsund, atle.morsund@fylkesmannen.no, 71258484 / 40843772